



## Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2520 - 18/15736

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

15.05.2018

## Referat frå møte i FAU måndag 14. mai 2018

**Desse møtte:** Eirin og Jostein

**Forfall:** Kari og Susanne, Randi, Juan Carlos, Bjarne

### **Sak 34 / 2017 - 18: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste**

**Sakførebuing:** Møteboka vart send ut sette siste møtet 14.02.18. Innkallinga har gått nokre rundar før det høver nokolunde for alle partar. Saklista ligg ved og har innspel frå fleire.

**Framlegg til vedtak:** Godkjende slik dei ligg føre.

**Dette skjedde i møtet:** Det var vel greitt nok til tross for at møtet ikkje evar vedtaksført.

**Vedtak:** Godkjende med atterhald.

### **Sak 35 / 2017 - 18: Høyringar**

**Sakførebuing:** Det har vore send ut invitasjon til å kommentere og spele inn i høve 2 høyringar. Den eine gjeld **områdeplanen for Ostereidet**. Skulen har på vegner av seg sjølv spelt inn behovet for greiare tilkomst, betre parkeringstilhøve og eit godt samarbeid og respekt for grunneigar.

Den andre gjeld **Osterhallen**. Der dei same punkta er nedfelte. Her har skulen v/ utearealgruppa spelt inn eigne moment for innhald i hallen. Malen for hallar i Lindås/ Alver vil jo vere Lindåshallen med bibliotek, møterom i tillegg til forsamlingshallen/ idrettshallen. Rektor har vore så fri at han har teke FAU med i uttalen, då mange av synspunkta også vil vere kjende og fellesgoods.

**Framlegg til vedtak:** -

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Dette skjedd i møtet:** Dei frammøtte vart gjort kjende med innspela og gjennom medlemskap i Utearealsgruppa har FAU-medlem fremja synspunkt som er representative for FAU sine interesser i saka.

**Vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning og ber om bli halden orientert om utviklinga i saka.

**Sak 36 / 2017 - 18: Ostereidet U - trivselsskulen - deltaking i tilskipingar**

**Sakførebuing:** Det vert skipa til stafettar og ein del arrangement. Ost U deltek på mange, men ikkje alle. Etter forslag frå medlem i FAU er det viktig at skulen markerer seg ved å ta del i mange slik arrangement som elevane elles er opptekne av. Særleg Tine-stafetten som går i Knarvik.

**Framlegg til vedtak:** FAU drøftar saka.

**Dette skjedd i møtet:** FAU drøfta saka og støttar framlegget om å delta i idrett eller andre relevante aktivitetar som kan fremje skulen sitt omdømme.

**Vedtak:** FAU oppmodar skulen til å vurdere det samla aktivitetstilbodet og FAU ber om å bli halden underretta om utviklinga.

**Sak 37 / 2017 - 18: Avslutningsfest for 10.kl**

**Sakførebuing:** Tradisjonelt er 9.kl foreldra tungt inne i tilrettelegging og avvikling av 10.kl. sine avslutningsfest. Arbeidsliste vert delt og repetert i møtet.

**Framlegg til vedtak:** Drøfting av tiltaket.

**Dette skjedd i møtet:** Oppdraget er i gjenge.

**Vedtak:** Foreldra har fordelt oppgåver etter oversiktslister frå skulen.

**Sak 38 / 2017 - 18: MSO - klassesteg og innsyn**

**Sakførebuing:** MSO har i mange år vore hjelparane våre i formidle aktuell seksualopplysning til elevane. Det har variert når denne informasjonen vert gitt- 9. eller 10.kl. Helselærekapitlet er etter LK 06 lagd til 9.kl. Somme meiner at det er for tidleg å «utsetje» elevane for den slags kunnskap og innsikt mens dei er så unge.

Eit anna moment er at det er lite innsyn i kva elevane får opplysning om og det er derfor ikkje godt for anna helsepersonell evt. pedagogar å følgje opp den informasjonen elevane får. Rektor har drøfta dette med MSO.

**Framlegg til vedtak:** FAU drøftar saka.

**Dette skjedd i møtet:** FAU drøfta synspunkt på saka.

**Vedtak:** FAU meiner at det er bra at helsesøster har kontakt med MSO og kanskje kan delta på arrangementet.

**Sak 39 / 2017 - 18: Elevundersøkinga / mobbeundersøkinga 2017 - 18**

**Sakførebuing:** Udir gjennomfører årleg elevundersøkinga. Den er obligatorisk for 10.kl. og det er deira svar som vert lagd til grunn i statistikken.

Skulen følger opp med eiga mobbeundersøking årleg i april. Resultata vert presenterte på møtet.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek orienteringane til etterretning.

**Dette skjeddde i møtet:** Elevundersøkinga vart presentert og også skulen si eiga mobbeundersøking.

**Vedtak:** FAU seier seg nøgd med presentasjonane og konstaterer med glede at resultata i elevundersøkinga ikkje er alarmerande. FAU ber om å bli halden informert om etterarbeidet av mobbeundersøkinga.

**Sak 40 / 2017 - 18: Elevskyss og skuleskipnaden 2018 - 19**

**Sakførebuing:** Skulen har internt drøfta behovet for å ha opplæringa i timar á 60 minutt. Dette går an å få til under føresetnad av at Skyss kan ta elevane heim tidleg ein dag i veka. Dette ser ut til å gå i orden: Skulen tek neste år til kl. 0835 og varer til 1430. Elevane reiser heim med midtskyssen måndagen kl. 1245.

Skyss for elevar frå Leiknesområdet er i skrivande stund uviss. Og vert oppdatert fram til møtet.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning.

**Dette skjeddde i møtet:** FAU meiner at elevar som bur frå Hjelmås til Høyland bør få tilbod om maxitaxi sidan det likevel skal vere taxiskyss på veggen og ber skulen undersøke kva Skyss kan få til.

**Vedtak:** FAU ber skulen ta opp med Skyss å sikre ei skyssordning som gjeld alle elevane i Hjelmås - Høyland - området og ber om å bli halden informert om utviklinga i saka.

**Sak 41 / 2017 - 18: Termometer, avlesing, justering o.a. med varme**

**Sakførebuing:** FAU har bede skulen skaffe termometer i alle rom. Dette er gjort. Det viser seg vanskeleg å få datajusteringar til å vere nøyaktige - særleg ved temperatursvingningar. Skulen legg opp til å lese av temperaturen i klasserom, men gjer og merksam på at plassering vil ha ein innverknad på tempen.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning.

**Dette skjeddde i møtet:**

**Vedtak:** FAU tek opplysninga til etterretning.

**Sak 42 / 2017 - 18: Mogleg andre saker.**

**Sakførebuing:**

**Framlegg til vedtak:**

**Dette skjedde i møtet:**

**Vedtak:**

**Neste møte: tidleg juni måndag 04.06.18 1800 - 2000**

**(Møtet vart avtalt til tysdag 05.06. - og dersom det er ok for FAU å ta det åleine, går det fint. Denne kvelden er eg oppteken med foreldremøtet for 7.klasse).**

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Medlemer og varamedlemer